

Esben Grindheim
Krokjen 12
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8389 - 21/70464

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2021

Godkjenning av forpaktingsavtale - gbnr 164/1 Sletten (Seim)

Administrativt vedtak: Saknr: 1135/21

VEDTAK:

Alver kommune godkjenner pakte avtale på gbnr.164/1 i Alver, slik den ligg føre. Det vert samstundes gjeve samtykke til at skjønn ikkje treng haldast. Vedtaket har heimel i forpaktingslova §§ 4 og 11.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Saka gjeld

Esben Grindheim har inngått avtale med Rune Seim om å forpakta gbnr 164/1 i Alver kommune. Forpaktninga gjelder i 5 år frå 01.10.2021 til 01.10. 2026. Avtalen skal tinglysast.

Forpaktninga omfattar heile arealet på eigendomen og forpaktar skal disponera driftsbygning, traktor og reiskapar. Gardshusa skal ikkje disponerast av forpaktar då han bur på frådelt tomt på bruket.

Føremålet med forpaktninga er jord og skogbruksproduksjon på eigendommen.

Gbnr 164/1 har 9 daa fulldyrte jord, 28 daa overflatedyrka jord, 36,6 daa innmarksbeite, 434,9 daa produktiv skog, 135,7 daa markslag, 5,8 daa bebyggd. Sum grunneigedom 649,9. Forpaktar bur på frådelt tomt på bruket.

VURDERING:

I følgje forpaktingslova §4 skal forpaktingsavtalen leggast fram for kommunen, som skal undersøkje at avtalen ikkje er i strid med lova.

Forpaktar bur på frådelt tomt på bruket og har ynskje om på sikt å kjøpa denne garden. Avtalen må sjåast som ei førebuing til ein eventuell framtidig overdragelse av bruket. Kommunen samtykker til at det ikkje vert halde skjønn, slik forpaktingslova §11 krev.

Avtalen byggjer elles på forpaktingslova sine reglar, og rådmannen har ingen merknader til avtalen.

Regelverk

Lov om forpakting

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8389

Med vennleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Esben Grindheim
Rune Seim

Krokjen 12
Krokjen 8

5912 SEIM
5912 SEIM